



Erling Johan Herøy
Mulevegen 11
5947 FEDJE

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/18 - 21/6082

Sakshandsamar:
Jan Torry Sande
jan.torry.sande@fedje.kommune.no

Dato:
11.11.2021

Reguleringsplan for Koppersevja - orientering - referat frå møte

Måndag 08.11.2021 kl. 18.00 – 20.00

Til stades: Erling Herøy, Oddvar Nilsen Husa, Jan Hernar, Per Børge Hillestad, Roy Asle Tunglund og Kjell Samnøy.

Inviterte: Erling Herøy, Oddvar Nilsen Husa, Jan Hernar, Per Børge Hillestad, Roy Asle Tunglund, Kjell Samnøy, Hugo Larsen, Ranveig Nordseth, Otto Uthaug og Hans Georg Sulen.

Frå Fedje kommune: Jan Torry Sande (referent)

Frå Artec AS: Rune Tangen

Introduksjon ved Jan Torry:

Jan Torry gjekk kjapt gjennom kva som har skjedd sidan sist. Forslag til plan har vore ute til høyring, og det har kome inn merknader. Planen har endra status frå å vere ein privat reguleringsplan, til å vere ein «offentleg plan». Statsforvaltaren i Vestland har kome med motsegn mot planen, eit problem som må løysast for å kome i mål med å få ein reguleringsplan.

Rune Tangen gjekk gjennom endringane sidan sist:

Planområdet er utvida i nord opp mot gjerdet til kyrkja. Det er teikna av ei ny avkjøyrsløp ned på Roy Asle sitt område for å imøtekoma merknad frå fylkeskommunen og Mikael Geir Tangen. Det er strenge krav til medverknad, og statsforvaltaren meiner barn og unge er ikkje nok ivareteke. Dette må med i vidare handsaminga.

Orange felt: Tidlegare var dette planformålet meir generelt. No er det snevra inn til å gjelde «Uthus/Naust/Badehus». Statsforvaltaren ønskjer at byggegrensa skal ligge i strandlina. I planen er byggegrense flytta lengre ut slik at det skal vere mogeleg å gjennomføre tiltak i sjø. Statsforvaltaren ønskjer at det skal vere meil detaljerte krav i planen.

Kjell Samnøy: Er det ikkje betre utan ein reguleringsplan? Denne planen vil kome med rekkefølgekrav. Ein vedteken plan vil kanskje vere til større hinder, enn den gjev mogelegheiter.

Svar frå Jan Torry: Utan at byggegrensa vert endra vil alle tiltak ute i evja krevje dispensasjon frå gjeldande kommuneplan. Dette vil ikkje auke mogelegheitene til å få gjennomført tiltak.

